

Møteinnkalling

Dato: 1010.22

Til:	Medlemene i Kompetanseforum Vestland		
Emne:	Kompetanseforum Vestland - Møteplan for møtet 21. oktober 2022	Sak:	16/22-23/22
Møtetid:	Fredag 21. oktober kl. 09:00 til 12:00 Møtestad: Teams		

Agenda

- Sak 16/22 Velkommen (til 09:10)
- Sak 17/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 24/6 2022 (til 09:15)
- Sak 18/22 Desentralisert og fleksibel utdanning – oppsummering av Stormøte 2022 og vidare arbeid (til 09:45)
- Sak 19/22 Statsbudsjettet 2023 (10:15)
- Sak 20/22 Temaplan breiband og digitalisering (til 10:45)
- Sak 21/22 Presentasjon av kommunesektoren sin arbeidsgivermonitor (til 11:05)
- Sak 22/22 Nasjonalt senter for yrkesfag (11:30)
- Sak 23/22 Eventuelt (til 11:40)

Sak 17/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 24/6-2022

Referat i vedlegg 1.

Sak 18/22 Desentralisert og fleksibel utdanning – oppsummering av Stormøte 2022 og vidare arbeid

«Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar» er eit av tiltaka i årsplanen for 2022, under delmålet «Det er god tilgang på arbeidskraft». Dette var tema på førre møte i Kompetanseforum Vestland og på Stormøte 2022.

Kompetanseforum diskuterer:

- Korleis fungerte denne tematikken i Stormøte med tanke på synleggjering av tilbod og forventningsavklaring?
- Korleis kan utdanningsinstitusjonane i Kompetanseforum Vestland samarbeide med dei nye studiesentra?
- Er det grep som bør takast i det vidare arbeidet innanfor det handlingsrommet vi har?

Sak 19/22 Statsbudsjettet 2023

Runde rundt bordet om statsbudsjettet for 2023 med utgangspunkt i UH-sektoren, kompetanse og EVU.

Sak 20/22 Temaplan breiband og digitalisering

Fylkesutvalet vedtok 5. april 2022 oppstart av arbeidet med ein «Temaplan for breiband og digitalisering». Temaplanen skal vera førande for Vestland fylkeskommune sine verkemiddel knytt til digital infrastruktur, og den regionale partnerskapen sitt strategiske arbeid knytt til digital infrastruktur, digitalisering av samfunnet og digital verdiskaping og innovasjon. Planen skal leggjast fram til vedtak i fylkestinget juni 2023.

To spørsmål knytt til kompetanse er sentrale i planarbeidet:

1. Kva er dei største utfordringane knytt til utvikling av digital kompetanse?
2. Korleis løyser vi utfordringa med digital utanforskap?

Prosjektleiar Hans Inge Gloppen (Vestland fylkeskommune) gjev ein kort presentasjon av planarbeidet før det vert opna for innspel og diskusjon.

Sak 21/22 Kommunesektoren sin arbeidsgivermonitor

Kommunesektoren sin arbeidsgivermonitor er ein statistikk- og faktapublikasjon som skildrar status og utviklingstrekk for aktuelle arbeidslivstema i kommunar og fylkeskommunar. Publikasjonen vert utgitt annakvart år. Sølvi Olrich Sørebo presenterer funn frå monitoren.

Sak 22/22 Nasjonalt senter for yrkesfag

I Hurdalsplattforma varslar regjeringa det dei kallar auka anerkjenning av yrkesfag og praktiske utdanningar og ferdigheiter. Ei av satsingane er etableringa av eit nasjonalt senter for yrkesfag. Noreg vil ha behov for 90 000 fagarbeidarar fram mot 2035 og eit nasjonalt senter for yrkesfag blir sett på som eit ledd i å oppnå dette.

I august vart det sendt ut ei pressemelding om at regjeringa vil setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på kva for mandat og finansiering eit nasjonalt senter for yrkesfag kan ha. I prosessen vil både oppgåver og kvar eit senter skal lokalisert bli grundig utgreidd.

Fylkestinget i Vestland vedtok i juni samrøystes ein interpellasjon som bad fylkesordføraren om å arbeide for at eit nasjonalt senter for yrkesfag blir lagt til Vestland. Samtidig bad fylkestinget administrasjonen, saman med hovudutval for opplæring og kompetanse og yrkesopplæringsnemnda, å synleggjere korleis Vestland kan bidra med innhald til eit nasjonalt senter for yrkesfag. I tillegg gjorde Hovudutval for opplæring og kompetanse følgjande vedtak 6. oktober:

« (..) Utvalet meiner det no er viktig å arbeide raskt slik at Vestland fylke er godt posisjonert for eit framtidig kompetansesenter. Politisk leiing må koblas på prosessen inn mot Kompetanseforum Vestland og nasjonale styresmakter» (Heile den politiske saka ligg i vedlegg 2)

I møtet:

Kompetanseforum Vestland diskuterer korleis forumet kan bidra i denne prosessen

Sak 23/22 Eventuelt

Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 24/6-22

Deltakarar:	Geir Kåre Resaland (HVL), Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskolen Vestland), Ann Kristin Kristoffersen (NHO), Roger Pilskog (LO), Sølvi Olrich (KS), Bård Sandal (Vlfk), Kathrin Jakobsen (Vlfk), Tor Ivar Sagen Sandvik (Vlfk)		
Fråfall:	Bjørn Lyngedal (Vlfk), Margareth Hagen (UiB)		
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	9/22-15/22
Møtetid:	Torsdag 23. mars, kl. 12.00 til 15.00	Møtestad:	HVL, Kronstad

Sak 10/22 Godkjenning av referat frå møte i Kompetanseforum Vestland 23/3 -2022

Referat godkjent

Sak 11/22 Helsefag, Y-veg og fagskuleutdanning

Bakgrunn for saka ved Tor Ivar Sagen Sandvik (vlfk):

- Mange tek påbygg: Mange av dei som går ut i lære tek studiekompetanse etter at dei er ferdig med læretida
- Fleire kommunar slit med å dekke kompetansebehovet.
- Politikarane har utfordra kompetanseforum på to punkt: Y-vegen og fagskuleutdanning.
- Avdeling for Opplæring og kompetanse har vore i kontakt med HVL angående y-veg.

Diskusjon/Innspel:

- Y-vegen innan helse er noko vi lenge har prøvd å få til. Det er gode argumenter for å etablere eit slikt tilbod. Stortinget har sagt at dette skal være ein moglegheit. Det er ca. 1000 som startar kvart år, men berre halvparten fullfører. Det er ikkje alle som får læreplass sjølv om behovet er stort. Mange kommunar har ikkje god nok oversikt over kor mange de treng. Dei tek ikkje inn nok helsefagarbeidarar.
- Helsefagarbeidarar er på 8. plass av det som kommunane treng. Sjukepleier er på 1. plass. Y-vegen er ein veg å gå når det gjeld sjukepleiarar.
- Det at mange faller frå, er eit stort problem i dag. Viktig å fullføre, då har dei mange moglegheiter seinare, også mot sjukepleie
- Dette er ein sterkt regulert bransje med strenge reglar for praksis. Ønskjer å nytte meir simulering – mindre praksis. Ønskjer eit vedtak om å gå i dialog. Nokre gangar må vi sjå helsefagarbeidar og sjukepleier i lag.
- Vi har høg sjukepleiartettleik. Helsefagarbeidaren kan gjere mykje meir av det sjukepleiaren gjer i dag.
- Praksiskravet: Dei som har gått lære har jo mye praksis.
- Det er strengare krav til helseutdanningar enn tekniske utdanningar.
- Fagskulen sine utdanningar har jo også ein del praksis. Usikker på om vi har like strenge krav. Vi bruker også simulatorar. Vi må bli meir digitale. I dag er det lite insentiv for helsefagarbeidarar å ta fagskuleutdanning. Derfor er ikkje søkinga så

stor. Men utdanning er klar. Fagskulen på Vestlandet ser og på ei ambulansautdanning. Det må gjerast noko for å skape ein karriereveg for dei som tek fagskoleutdanning innan helse.

- Det er ein lang og god tradisjon på teknisk fagskule. Vi må byggje opp det same på helse. Vi må snakke med kommunane. Vi har et tariffsystem som kan belønne det som det er behov for.

Vedtak: Vidare dialog mellom vlfk og HVL om å kartlegge barrierar (til dømes lovverk)

Sak 12/22 Oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling: Synleggjering av digitale og fleksible utdanningstilbod og desentralisert utdanning

«Synleggjere digitale og fleksible utdanningstilbod ved høgare utdanningsinstitusjonar» er eit av tiltaka i årsplanen for 2022, under delmålet «Det er god tilgang på arbeidskraft». Dette er eit av dei tiltaka som vart peika ut i førre møte som krev at fleire aktørar jobbar saman. Som ein innleiing på dette arbeidet, presenterte utdanningsinstitusjonane, ved møtande representant, korleis dei jobbar med dette i dag (NHH, HVL og Fagskulen Vestland). Roald Valle, leiar av UiB Videre deltok i møte for å presentere UiB sitt arbeid.

Innlegg/diskusjon:

UiB videre:

- Sterk auke i tilbod
- Marknadsføring gjennom ekstern dialog.
- Tilboda kan gjennomførast off campus dersom det ligg inne finansiering frå HK-dir.
- Større etterspurnad etter etterutdanning (utan studiepoeng)
- Privat sektor er ikkje like opptatt av studiepoeng som offentleg sektor
- Kan takast med og utan studiepoeng

NHH:

- NHH Executive har ganske tunge og dyre utdanningar. Mest leiarar og mellomleiarar som deltek. Ein bind seg for to år.
- Har også ein flora av mindre tilbod som er marknadsbasert. Som regel er det arbeidsgjevar som betalar.
- Har også ein del rene digitale tilbod (kortare tilbod)
- To grupper av online tilbod. Den eine er open for alle, den andre er skreddarsaum for enkeltbedrifter.
- Sentrale tema no er innovasjon, berekraft og digitalisering.
- Skalering er ei utfordring.

HVL:

- HVL ønskjer at minimum skal være 15 studiepoeng. Det er like dyrt for oss å rigge eitt studiepoeng.
- HVL har 155 etter og vidareutdanningar. UiB og HVL har nesten 400 tilbod til saman.
- Har problem med å tilsette nok fagfolk, og då er det også problem å få folk til å reise ut.
- Etterlyser mellomromsarbeidet: Kven skal rigge og rekruttere?
- Finansiering: Vi får ikkje basisfinansiering på EVU
- Det er skjørt fordi fagfolka gjer dette på toppen av 100 % stilling. Det å utvikle tilbod å håpe at folk meldar seg på – den tida er forbi.

- Har uteksaminert ca. 1500 på midlane frå HK-dir.
- Dialog. Synleggjere det ein har

Fagskulen Vestland:

- Kjenner igjen fleire av problemstillingane som er diskutert til no.
- Hovudtyngda av tilboda er samlingsbaserte. Det vil seie at ein kan stå i jobb. Heiltidsstudenten for fagskulen kjem til å forsvinne på sikt (unntak: maritim utdanning)
- Dei nye utdanningane er nede i 60 studiepoeng. Arbeidslivet ønskjer korte tilbod; 5 og 10 studiepoeng. Litt omlegging av finansieringa frå HK-dir.- finansiering over 3 år
- Stordmodellen fungerer veldig bra
- Utfordring at ein tømmer marknad på en periode.

Oppsummering: Vi tek med oss temaet i stormøtet til hausten.

Sak 13/22 Presentasjon av NAV si bedriftsundersøking

Anne Kverneland Bogsnes presenterte hovudfunn frå undersøkinga med fokus på resultatata for Vestland

- I mai 2022 hadde 39 av 42 kommunar har mindre enn 2 % arbeidsløyse.
- Helse er på topp i etterspurnad etter arbeidskraft
- Vi blir fleire eldre og færre yngre
- Det å kvalifisere er ein svært viktig oppgåve.

Diskusjon/Innspel:

- Kjente innspel. Svakt elevgrunnlag er noko av årsaka.
- Er det læreplassar?
- Det er eigentleg for lite ungdommar. Vg3 linjer er ikkje ønskjeleg.
- Vere på offensiven. Velferdsteknologi er ein trend NHO ser komme.

Oppdatering på samarbeidsprosjekt i regi av NAV:

Har no samarbeidsavtalar med dei fleste partane. Høgt aktivitetsnivå: forskingsseminarar, frukostar og felles utviklingsarbeid. Diskuterer klyngesamarbeid med enkelte aktørar.

Sak 14/22 Kompetansebehov i arbeidslivet – Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2023/24

Innspela frå dei lokale kompetanseforuma og bransjekontaktane viser at dei fleste innspela som kom i fjor framleis står ved lag. Av dei innmeldte behova går det fram at det framleis er stort behov for fagarbeidarar innan ei rekke område, og fleire melder at det er vanskeleg for bedriftene å rekruttere nok lærlingar. Behova er også store innan helse, her er det særleg mangel på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar.

Eit anna trekk ved innspela som og gjorde seg gjeldande i fjor, er at det i større grad enn tidlegare meldast om behov for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod.

I møtet la sekretariatet frem hovudtrekka i innspela frå regionar og bransjar

Sak 15/22 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt

Saksnr: 2022/84226-1
Saksbehandlar: Øyvind Helland Oddekalv
Dato: 27.09.2022

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hovudutval for næring
Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse

Nasjonalt senter for yrkesfag

Bakgrunn for saka

I Hurdalsplattforma varslar regjeringa det dei kallar auka anerkjenning av yrkesfag og praktiske utdanningar og ferdigheiter. Ei av satsingane er etableringa av eit nasjonalt senter for yrkesfag. Noreg vil ha behov for 90 000 fagarbeidarar fram mot 2035 og eit nasjonalt senter for yrkesfag blir sett på som eit ledd i å oppnå dette. Både NHO og LO har uttrykt støtte til etablering av eit slikt senter.

I august vart det sendt ut ei pressemelding om at regjeringa vil setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på kva for mandat og finansiering eit nasjonalt senter for yrkesfag kan ha. I prosessen vil både oppgåver og kvar eit senter skal lokaliserast bli grundig utgreidd. Det er eit uttalt mål at senteret skal bidra til å utvikle ein langsiktig og målretta fag- og yrkesopplæring av høg kvalitet og kan vere eit kontaktpunkt for regionale, nasjonale og internasjonale aktørar innan fag- og yrkesopplæringa. Det vil uansett ikkje vere tvil om at det endelege ansvaret for innhald og struktur for rettane til elevane og læringane framleis skal ligge til fylkeskommunane og nasjonale myndigheiter.

Fylkestinget i Vestland vedtok i juni samrøystes ein interpellasjon som bad fylkesordføraren om å arbeide for at eit nasjonalt senter for yrkesfag blir lagt til Vestland. Samtidig bad fylkestinget administrasjonen, saman med hovudutval for opplæring og kompetanse og yrkesopplæringsnemnda, å synleggjere korleis Vestland kan bidra med innhald til eit nasjonalt senter for yrkesfag.

Kvifor Vestland?

I Vestland fylkeskommune har yrkesfaga tradisjonelt stått sterkt, og det er ein aukande del av elevmassen som søker seg til yrkesfaglege utdanningsprogram. Dette er ein nasjonal trend, og samanlikna med landsgjennomsnittet ligg vi monaleg over:

	Vestland	Nasjonalt
2020	56,2 %	50,3 %
2021	57,7 %	50,7 %
2022	59,3 %	51,6 %

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Gjennom fleire år har Vestland (og dei gamle fylkeskommunane) arbeidd systematisk for god gjennomføring og for å sikre at elevane får læreplass. I prosjektet **Auka fullføring – fleire ut i lære** som vart avslutta i 2019, var det eit hovudmål å få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som fremja auka formidling. Eit resultat av prosjektet var læreplassrekneskapen – LPR, eit verktøy for å kunne følgje eleven på vegen frå vg1 til læreplass og skulen si rolle i arbeidet med formidling til læreplass. Målet med LPR er tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging med mål om læreplass etter vg2. LPR er sidan profesjonalisert i samarbeid med Vigo IKS, og er eit verktøy som alle skulane bruker.

Korleis skulane arbeider med formidlinga mellom skule og arbeidsliv for å auke fullføringa på yrkesfag er noko som avdelingsdirektøren følgjer særleg opp i Vestland.

I utviklingsplanen for Vestland blir det slått fast eit mål om at opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv i både privat og offentleg sektor, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn. Opplæringa er prega av tett samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og lokalt nærings- og arbeidsliv, utvikla over tid og bygd på lokale føresetnader.

Dette skjer på fleire måtar, og gjennom innovative samarbeid blir ulike modellar prøvd ut. Døme på dette er pilotprosjektet på Bømlø (Bømlomodellen), samarbeidsprosjektet i Nordhordland, Årdalsamarbeidet og andre. Tett og godt samarbeid mellom skule og lokalt arbeids- og næringsliv har òg gjort det mogleg å opprette samarbeid som Campus Verftet i Førde og Kompetansesenteret for robotteknologi på Osterøy.

Vestland fylkeskommune har òg eit strategisk samarbeid med kommunane og NAV om å kvalifisere og integrere flyktningar og innvandrarak gjennom tilrettelagde opplæringsmodellar innanfor fag- og yrkesutdanning i Vestland. Eit godt døme på dette er Gloppenmodellen, eit forpliktande samarbeid mellom vidaregåande skule, kommune og NAV som har vist seg å vere ein suksess.

Yrkesopplæringsnemnda er eit forum som er sentralt for utviklinga av fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylkeskommune. Her er medlemmer frå fylkestinget og partane i arbeidslivet representert, i tillegg til elev- og lærlingrepresentantar. Nemnda samarbeider tett med hovudutval for opplæring og kompetanse og er m.a. viktig i arbeidet med dimensjoneringa av opplæringstilbodet i tråd med arbeidslivet sine behov.

Vestland har ein lang og god tradisjon for høgare yrkesfagleg utdanning, og Fagskulen i Vestland er ein av dei største fagskulane i landet med kring 1700 studentar fordelt på åtte studiestader. Skulen tilbyr eit stort mangfald av tilbod for kandidatar med fag- og sveinebrev innan høgare yrkesfagleg utdanning; tekniske fag, maritime og marine fag, helsefag, petroleumsfag, jordbruksfag, arboristfag og lokal matkultur. Heile grunnlaget er å løfte fagarbeidaren, noko som skjer i tett samarbeid med næringslivet for å sikre høg arbeidslivsrelevans. I Førde har skulen òg eit kurscenter for offentleg og privat arbeidsliv, Campus Verftet.

Vestland fylkeskommune har etablert kompetanseforum Vestland, som omfattar leiinga ved Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, Fagskulen Vestland, partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, NAV, Helse Vest og vert leia av Vestland fylkeskommune ved avdelingsdirektør opplæring og kompetanse og avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling i fellesskap. Målet for samarbeidet er at partane i fellesskap skal leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finnast i arbeidslivet og finne løysingar på korleis desse skal fyllast. Partane skal setje framtidens kompetansebehov på dagsorden.

Kompetanseforum gjennomfører kvart år ein innspelsrunde blant regionar og bransjar i fylket knytt til kompetansebehov i arbeidslivet. Kvart år har behovet for fleire fagarbeidarar innan ei rekkje ulike fagområde vore eit av hovudfunna i innspela.

Statistikken syner også at behovet for fagarbeidarar er stort i Vestland. I tillegg til i industrien er det også behov for fleire fagarbeidarar i helse og omsorg. Eit anna hovudfunn er at det er store behov knytt til digital kompetanse på alle utdanningsnivå.

Vestland er eit fylke som har eit variert og utviklingsorientert næringsliv. Vi har stor verdiskaping og sterke verdikjedar knytt til industri, olje og gass, marine og maritime næringar. Dette gjer oss unike moglegheiter til å posisjonere oss i dei nye grønne verdikjedane. Næringslivet står no i store omstillingsprosessar knytt til grøn omstilling og digitalisering. Dette kan medføre behov for utvikling av nye utdanningstilbod også på fagarbeidarnivå. Med Vestland sine lange og gode tradisjonar for samarbeid mellom skule og næringsliv vil fylket være eit godt utgangspunkt for eit nasjonalt senter for yrkesfag til å teste ut og pilotere nye måtar å utvikle yrkesfaga på.

Vidare arbeid

Avdelingsdirektøren meiner arbeidet med å fremje Vestland fylkeskommune sitt kandidatur som vertskap for eit nasjonalt senter for yrkesfag i første omgang bør forankrast i Kompetanseforum Vestland. Neste møte her er 21. oktober og den strategiske diskusjonen kring det vidare arbeidet bør startast då.